Kjell Habbestad

# 12 blad frå ein austleg hage

for sopran, baryton og piano, op.46

NB noter
This music is copyright protected

NB noter
This music is copyright protected



NB noter
This music is copyright protected

*Kjell Habbestad*

# *12 blad*

## *frå ein austleg hage*

*op. 46*

NB noter
This music is copyright protected

*Kjell Habbestad*

# *12 blad frå ein austleg hage*

## *for sopran, baryton og piano, op.46*

Tekst: haiku – gjendikta av Paal-Helge Haugen

NB noter This music is copyright protected

Index:

1 Lerka (0:33)
2 Mangt minnest eit menneske (0:31)
3 Første vårdagen (0:24)
4 Blømande plommetre (0:32)
5 Torevêr (0:30)
6 Reinvaska midsommarhimmel (0:30)
7 Ein gong (0:32)
8 Velkomen klare måne (0:34)
9 Kvar i himmelrømda (0:36)
10 Midvinterstilt (0:53)
11 Denne verdens himmel (0:33)
12 I vinterskumring (0:42)

Total durata: 06:50

*Til Paal på 50-årsdagen, 26. april 1995*

Kjære Paal!

Eg stal meg innom grinda
til den austlegaste hagen din
ei mørk natt og plukka 12 blad.
Her får du dei att, varleg innpakka
i sprø tonar og tynt papir.
Til lukka med eit halvt sekel!

Kjell

NB noter
This music is copyright protected

# Haiku-dikt

Japan har ein meir enn halvtanna tusen år gammal kulturvokster, som framleis vert halden i hevd. Nokre av kunstartene er heimførte frå Kina, og vidareutvikla i Japan. Av dei litterære genrane er lyrikken den viktigaste, gjennom den påverknaden haiku-dikta har hatt i resten av verda. Den eldste diktantologien ein kjenner, er frå 750-åra. Den inneheld om lag 4500 dikt av folk frå alle samfunnslag, frå keisaren til bonden og tiggaren.

Eit haiku-dikt består av 17 *mora,* ei fonetisk beteikning som tilsvarar stavingar. Første line har 5 mora, andre har 7, og den tredje atter 5. Dikta er ikkje skrivne på rim.

Tradisjonelle haiku-dikt er ofte tilknytte naturen. Masahiko Inadomi gjev oss dette dømet:

| | |
|---|---|
| *Furuike ya* | Gammal dam |
| kawazu tobikomu | Ein frosk hoppar |
| mizuno oto | Lyden av vatnet |

Haiku-diktet føregår i notid. Kvart dikt skal innehalda eit ord, eit *kigo,* som knyter diktet til ei årstid, nemnd med namn eller med eit poetisk levande vesen som har samband med årstida. Her er det frosken som antyder at det er sommar. Dikta søkjer etter å finna livsverdien i det som skjer *her og no*, i møte mellom det som alltid *er,* og det som *blir til.* I ovanståande dikt symboliserer den gamle dammen det evige, medan froskens rørsler syner det som skjer nett i augneblinken. Møtet mellom dei gjev oss «lyden av vatnet», som for poeten er livet sjølv.

Omsetjaren eller attdiktaren Paal-Helge Haugen seier det slik i føreordet: «Det kan synast brutalt å rykkja opp ei sjeldsynt eksotisk plante og planta henne om i eit framandt og hardare miljø, og det er god grunn til å tru at planta ikkje vil overleva ein slik medfart. Eit haiku-dikt er ei slik sjeldsynt plante, og ein kan ikkje koma bort frå at den er sterkt bunden til sitt heimlege miljø og den opphavlege språkdrakta, til sjølve den språklege substans.»

Han tilføyer at dei klanglege, nærast musikalske effektane ikkje kan overførast slik ein gjerne ville, dessutan misser ein kulturens assosiasjonsrikdom, ord som kan ha fleire tydingar, som liknar på kvarandre reint lydleg, osb. «Slike over- og undertonar vil bli borte i ei attdikting, og mista mykje av sin dobbeltbotn.» Vidare kan ein jo ikkje forventa at lesaren har kjennskap til japansk religion, litteratur og filosofi.

Men — trass i alle desse innvendingane har han so gått laus på oppgåva; i arbeidet som er grunnlaget for herverande verk, diktsamlinga *Blad frå ein austleg hage, Hundre Haiku-dikt, til norsk ved Paal-Helge Haugen* (Det Norske Samlaget, 1965).

Omsetjaren/attdiktaren klårgjer elles at han ikkje har gjort nokon freistnad på å halda seg til 5-7-5-stavingsmønsteret, og at korkje talet verseliner eller stavingar tilsvarar det ein finn i originalteksten. «Straks ein løyser haiku-diktet frå sitt opphavlege språklege medium, løyser ein det også frå dei ytre formreglar.»

Når det så galdt å setja musikk til desse miniatyrane, stod eg sjølv ovafor nokre val. Medan diktet, målarstykket eller skulpturen kan betraktast i det uendelege og frå alle sider, er musikken *tidas* kunstart. Informasjonen flyt framom, augneblinken er fort over og overlet til minnet å vurdera det ein har opplevd. Ein vanleg teknikk i musikalsk oppbygging har difor vore å strekkja ut, gjentaka, utvikla og rekapitulera ein bodskap. Med så korte tekstbrot ein her har med å gjera, kunne det vera freistande nettopp å dvela lenger ved dei, utdjupa og forklåra dei. Eg valde i staden det motsette — å overføra den korthogne haiku-forma til musikk; og (nesten utan unntak) ikkje la orda koma omatt. Dette resulterer i særs korte speletider; dei fleste av dei '12 blad' er på kring 30 sekund i varighet, ingen over 1 minutt. Eg tok her ein sjanse på at sanningane er så korte og utmeisla at ein, sjølv om ein ikkje sit med teksten framom seg, kan minnast bodskapen etter at den har fare framom.

Kvar haiku-song har ein eigen affekt eller valør. Mange av dei inneheld også gjerne ein kontrast, ei overrasking, eit skiftande stemningsleie frå line til line — dette har eg freista å markera og gjeve musikkutrykk og temposkifte for ytterlegare å tolka innhaldet, som i ei slags musikalsk attdikting.

Eg gjev til sist ordet til poeten: «Haiku har ein bodskap til alle menneske og til alle tider. Med si knappe og nærast karrige form viser desse poetiske lynglimta oss kor viktig det er å søkja etter den høgaste grad av fortetting og språkleg pregnans. Haiku lærer oss å trengja inn til kjernen av ei poetisk oppleving.»

Kjell Habbestad

(Kjelder: Masahiko Inadomi, Paal-Helge Haugen, Wikipedia.)

NB noter
This music is copyright protected

# 12 blad frå ein austleg hage

1
Lerka med halsen full av song
for henne er ikkje
dagen lang nok

2
Mangt minnest eit menneske
når kirsebærtreet
blømer igjen

3
Første vårdagen
til og med skuggen min
blir ung og sprek

4
Blømande plommetre
framleis er
helvetes portar stengde

5
Torevêr over sommarmarkene
eller kan det vere
den tome magen min

6
Reinvaska midsommarhimmel
ikkje ein skyflekk
å pusse bort

7
Ein gong
var også haustvinden
ung

8
Vel komen klare måne
du får stige på
og ta det som det er

9
Kvar i himmelrømda
ventar ho på meg
vandrestjerna mi

10
Midvinterstilt
ingen djupe tankar
ingen store synder

11
Denne verdens himmel
heretter er kvart år
ei gåve

12
I vinterskumring og regn
kneggar hesten og vil heim
han óg

Tekst: Haiku — gjendikta av Paal-Helge Haugen

NB noter
This music is copyright protected

# 1 Lerka

**Animato** (♩ = 96) Kjell Habbestad




NB noter
This music is copyright protected

# 2 Mangt minnest eit menneske



# 3 Første vårdagen



# 4 Blømande plommetre




NB noter
This music is copyright protected

# 5 Torever


Animoso (♩ = 120)
Baritone
Piano
f
mf
To - re-vêr
o-ver som - mar -
ppp
Ped.
Contemplativo
mar - ke - ne
mp
el - ler
p
kan det
ve - re
den
to - me
mf
p
mp
mf
p
ma - gen min
f
pp
pp
ff
8va
(secco)
NB noter
This music is copyright protected

# 6 Reinvanska midsommarhimmel



# 7 Ein gong




NB noter
This music is copyright protected

# 8 Velkomen klare måne



# 9 Kvar i himmelrømda



# 10 Midvinterstilt




NB noter
This music is copyright protected

# 11 Denne verdens himmel



# 12 I vinterskumring




(skiftande marcato)

NB noter This music is copyright protected

Ein gong var også haustvinden ung.
Sofiemyr, 2. påskedag 17. april 1995/
Solkroken, 25. august 2021

NB noter
This music is copyright protected